

---

**Fra:** Lovlie, Frode (NO - Bergen) <flovlie@deloitte.no>  
**Sendt:** 9. juni 2017 11:13  
**Til:** Einar Kåre Ulla  
**Kopi:** Bjorkelo, Birte (NO - Bergen); Songstad, Stein Ove (NO - Bergen); Fiksdal, Iver (NO - Oslo)  
**Emne:** Vedr. spørsmål

Hei Einar,

Under følger revisjonen sine svar på spørsmåla frå kontrollutvalsleiar i førre kontrollutvalsmøte.

Innleiingsvis ber vi om forståing for at vi ikkje kan realitetshandsame spørsmåla så lenge rapporten ikkje er ferdighandsama av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Av same årsak gjer vi merksam på at det er høve til å utsetje innsyn i dette dokumentet fram til forvaltningsrevisjonen er ferdighandsama, jf. offentleglova § 5 andre ledd.

### **Om eit eventuelt søksmål**

Generelt er det vanskeleg å seie noko om kva konsekvensar eit eventuelt søksmål vil ha for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Dette vil mellom anna avhenge av kva søksmålet inneheldt. Det vil difor krevje ytterlegere konsultasjon med juridiske ressursar for å få klarheit i kven som kan vere ansvarleg for kva, avhengig av kva innhaldet i eit eventuelt søksmål er. Deloitte gjer vidare merksam på at ein forvaltningsrevisjon ikkje er ein rettsleg avgjerse.

### **Revisjonskriterium**

Når det gjeld kva lovverk som vert nytta i prosjektet, og då særleg med omsyn til innkjøp frå NDLA sin største leverandør av tekniske tenester, har revisjonen vurdert desse opp mot lov og forskrift om offentlege anskaffingar. Medan det i den fyrste rapporten vart avdekka ei rekkje innkjøp som ikkje var gjort i samsvar med regelverk om offentlege anskaffingar (mellom anna innkjøp som overskreid økonomiske avtalerammer i kontrakt mellom NDLA og leverandør, ulovlege direkteanskaffingar og utilstrekkeleg konkurranseeksponering), er dette ikkje tilfelle i den andre rapporten.

Revisjonen har også gått igjennom fakturaar frå leverandørar for å vurdere i kva grad desse har vore tilstrekkeleg dokumentert og kontrollert av NDLA, og har heller ikkje her avdekka alvorlege avvik. Regelverket som har vore nytta for å vurdere NDLA si fakturaoppfølging, er forskrift om bokføring, i tillegg til autoritative kjelder knytt til internkontroll (COSO).

Venleg helsing,

#### **Frode Løvlie**

PhD | Senior Consultant | Risk Advisory  
Deloitte AS  
Damsgårdsveien 135, 5160 Bergen, Norway  
Tel/Main: +47 23 27 90 00 | Mobile: +47 480 97 914  
flovlie@deloitte.no | www.deloitte.no  
--

**Deloitte.**

[LinkedIn](#) | [Facebook](#) | [Twitter](#) | [Instagram](#) | [YouTube](#)

--

[Abonner på nyheter fra Deloitte](#)

**\*Disclaimer:** This message (including any attachments) contains confidential information intended for a specific individual and purpose, and is protected by law. If you are not the intended recipient, you should

delete this message and are hereby notified that any disclosure, copying, or distribution of this message, or the taking of any action based on it, is strictly prohibited.